



Arbeid på naustet, Ytste Skotet

Foto: Asgeir Kvernberg

ÅRSMELDING 2021

Storfjordens Venner

Innhald

Medlemmar i styre, arbeidsgrupper og nemnder 2021	2
Hovudoppgåve for StVe	3
Årsmøte 2021	3
Medlemstal 2021	3
Styremøte i 2021	3
Diverse møteverksemd m.m.	4
Rekneskap – økonomi	5
StVe sine fond	5
Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	5
Grasrotmidlar	5
Gåver	6
Storfjordstemnet 2021	6
Storfjordkalenderen og jubileumsboka «Med hjarte for arven»	6
Ytste Skotet	7
Heimeside – Facebook	8
Strandsitjarmonument	8
Media - presse og synleggjering av aktiviteten til StVe	8
Administrasjon	9
Takk	9
Årsrapport 2021 – Prosjektgruppa Storfjordens Venner	10
Møte i 2021	10
Prosjekt 2021	10
Planlangde prosjekt 2022	11
Synfaringar 2021	12
Storfjordens Venner – notid og framtid	12
Årsrapport 2021 – Formidlingsgruppa Storfjordens Venner	13
Årsrapport 2021 – Dugnadsgruppa Ytste Skotet	15

Medlemmar i styre, arbeidsgrupper og nemnder 2021

Styret:

- | | | |
|---------------|-------------------------|--------------|
| • Leiar | Inge Bjørdal | Sunnylven |
| • Nestleiar | Arne Olav Furstrand | Sykkylven |
| • Styremedlem | Reidar Furset | Stranda |
| • Styremedlem | Elin Smoge | Valldal |
| • Styremedlem | Reidun Helsem | Stranda |
| • Styremedlem | Øystein Runde | Skodje |
| • Styremedlem | Kristi Linge Stakkestad | Valldal |
| • Varamedlem | Jens Petter Søvik | Straumgjerde |
| • Varamedlem | Ragnhild Flåen | Stordal |
| • Varamedlem | Ola Ødegård | Stranda |
- Varamedlemmer vert innkalla og møter fast i styret i samsvar med vedtektene.

Revisorar

Stein Ivar Krohn	Norddal
Stig Tryggestad	Sunnylven

Valnemnd for årsmøtet 2022:

- | | | |
|----------|--------------------|--------------|
| • Medlem | Kjell Løseth | Straumgjerde |
| • Medlem | Helge Søvik | Stranda |
| • Medlem | Gro Anita Bårdseth | Volda |

Prosjektgruppe:

- | | | |
|----------|------------------|-----------|
| • Leiar | Odd Normann Hoff | Stranda |
| • Medlem | Asgeir Kvernberg | Sjøholt |
| • Medlem | Asle Ringdal | Sunnylven |

Arbeidsgruppe for historie- og formidlingsarbeid:

- | | | |
|----------|----------------------|--------------|
| • Leiar | Bjørn Steinar Skarbø | Ørskog |
| • Medlem | Odd Normann Hoff | Stranda |
| • Medlem | Asgeir Kvernberg | Sjøholt |
| • Medlem | Kjell Løseth | Straumgjerde |

Arbeidsgruppe for Strandsitjarmonumentet:

- | | | |
|----------|-----------------------|--------------|
| • Leiar | Finn Helge Nustad | Eidsdal |
| • Medlem | Olav Bratland | Stordal |
| • Medlem | Ann Kristin Langeland | Sunnylven |
| • Medlem | Karl Mjelva | Geiranger |
| • Medlem | Lodve Solholm | Ålesund |
| • Medlem | Kjell Løseth | Straumgjerde |

Dugnadsgruppe for Ytste Skotet:

- | | | |
|---------|----------------|-----------|
| • Leiar | Terje Haugseth | Sykkylven |
|---------|----------------|-----------|

Hovudoppgåve for StVe

I §2 i vedtektene står følgjande: «Storfjordens Venner har til oppgåve å verne - og formidle kunnskap om kulturminne, tradisjon og kulturlandskap»

Årsmøte 2021

Årsmøtet 2021 vart gjennomført på Storfjord kulturhus, Stranda. Grunna Covid-19 og restriksjonar knytt til dette, vart årsmøtet utsett frå vedtektsfesta tidspunkt i mars til 7. juni. Ved opning av årsmøtet var det 21 medlemmer til stades. Før og under årsmøtet vart det servert kaffi og frukt.

Årsmøtet handsama faste saker; årsmelding, rekneskap, arbeidsplan/budsjett, medlemskontingent, val og godtgjering til styre/styrelisar.

Det vart orientert om Ytste Skotet og mogeleg drift i 2021. Driftsavtalen med Musea på Sunnmøre/VITI gjekk ut pr. 1.1.20 og samarbeid med museet er ikkje vidareført. StVe står difor ansvarleg for drifta på Ytste Skotet. Styrelisar gav også litt informasjon om arbeidet med å etablere ei ny museumseining på Sunnmøre.

Nils Roger Matvik, Randi Sæter, Mette Marie Døving og Anne Giskemo gjekk ut av styret og vart takka for arbeidet dei har lagt ned både i styret og på andre arbeidsområde for StVe.

Medlemstal 2021

Betalande medlemmer i StVe pr. 31.12.2021:

- Enkeltmedlemmer 613
- Familiemedlemskap 72
- Bedriftsmedlemskap 12

Det var 49 utmeldingar eller medlemskap som gjekk ut på grunn av manglande kontingentbetaling, og det vart registrert 34 nye medlemskap. Altså ein netto nedgang i medlemskap på 15.

Ved årskiftet var det 14 æresmedlemmer.

Styremøte i 2021

Det er halde 9 styremøte i 2021:

- 27. januar Digitalt møte
- 24. februar Digitalt møte
- 21. april Digitalt møte
- 26. mai Digitalt møte
- 7. juni Storfjord kulturhus, Stranda
- 28. juni Øvre Ljøen, Hellesylt
- 23. august Storfjord kulturhus, Stranda
- 29. september Fjordhagen, Valldal
- 7. oktober Storfjord Kulturhus, Stranda
- 8. desember Nilsgardstunet, Stordal

Styret har handsama 60 saker i løpet av året. Aktiviteten i styret har i 2021 har vore jamt bra med godt engasjement på dei ulike sakene.

Diverse møteverksemd m.m.

Som vanleg har styremedlemmer, leiar og nestleiar delteke på diverse møte/arrangement, kvar for seg eller fleire saman i 2021.

Av desse kan nemnast:

Type møte	Dato	Deltakar(ar)
Moldemøte 2021 (Statsforvaltar, MRFK)	22.02	Odd Normann Hoff, Asgeir Kvernberg, Einar Hoel, Inge Bjørdal
Årsmøte i MupSu (digitalt)	18.03	Inge Bjørdal
Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea (konstituering 21.06, nokre fysiske møte. nokre via Teams)	10.05 31.05 21.06 25.08 08.09 28.09 01.11 16.12	Inge Bjørdal
Storfjord hotell /62 NORD	8.04 4.05	Roger Furset, Asgeir Kvernberg, Einar Hoel, Hilde Straumsheim, Inge Bjørdal
Møte om utleige av Ytste Skot (HiV) - Teams	23.06	Einar Hoel, Asgeir Kvernberg, Bjørn Steinar Skarbø, Hilde Straumsheim, Inge Bjørdal
Verdsarvforum 2021	7.-9.09	Odd Normann Hoff (guide) Inge Bjørdal (presentasjon)
Ytste Skotet-intern arbeidsgruppe (oppstartmøte 16.09)	17.03 16.09 02.11	Hilde Straumsheim, Einar Hoel, Roger Furset, Asgeir Kvernberg, Inge Bjørdal
Fortidsminneforeininga	Sept.	E-post/mobilsamtalar om oppstart av kurssamarbeid gjennom ordninga 'Håndlag'
Møte med Fylkeskultursjef Heidi W Olsen	5.10	Inge Bjørdal
Møte med Kultur-, nærings- og folkehelseutvalet	28.10	Leiar for interimsstyret møtte på vegner av

Det har gått med svært mykje tid til arbeidet i Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea for å få klarlagt framtidig organisering av dei 6 musea som har valt å stå utanfor VITI.

Covid-19 har det vore færre møte/orienteringar med andre lag og foreiningar om StVe og arbeidet som vert gjort.

Aktiviteten i StVe har trass i spesielle omstende vore relativt stor, men mykje har måtte gjennomførast digitalt på Teams. Erfaringane er at denne møteforma fungerer tilfredsstillande etter kvart som folk lærer og bruke teknologien, men at det sjølvsagt ikkje er likeverdig med fysiske møte.

Rekneskap – økonomi

StVe har ein god og sunn økonomi. Foreininga har i 2021 hatt god likviditet og rekningar har vorte betalte fortløpande ved forfall.

Rekneskapen for 2021 viser eit overskot på 90.056 kr. Dette er eit tilfredsstillande resultat. Det er fleire årsaker til dette. Medlemskontingent og Storfjordkalenderen er gode inntektskjelder. Mva-kompensasjon for 2020, utbetalt i 2021 utgjorde 85.950 kr. Dette er ganske lågt, men avspeglar låg aktivitet i 2020. Det positive er at betalt mva er kompensert fullt ut. På utgiftsida er det ingen ekstra store postar utanom prosjektarbeid.

Når det er offentleg finansiering på restaureringsprosjekt, vert tilskot inntektsført i takt med framdrifta i prosjektet og betaling av rekningar. Resultatet vert difor ikkje påverka av store utbetalingar til prosjekt.

Pr 31.12.21 hadde StVe 674.742 kr på driftskonto. I tillegg 4 031 988 kr som fastrenteinnskot i Sparebanken Møre og 2 021 633 kr plassert i rentefond.

Det vert elles vist til eigen rekneskapsrapport.

Storfjordens Venner sine fond

Saldo pr. 31.12.2021:

- Magne Flems minnefond : 617 781
- Roar Starheims minnefond : 190 738
- Ytste Skotet gardsfond : 1 286 025
- Strandsitjarmonument, fond : 3 619 962
- Gåvefond : 20 250

Det er fastsett ulike klausular for bruk av desse fonda.

Kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune

StVe fekk i 2021 tildelt 37 000 kr i kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Grasrotmidlar

StVe er registrert i Frivilligregisteret og står som mottakar av Grasrotmidlar frå Norsk Tipping. For 2021 vart det betalt ut 20 550 kr til foreininga. Dette er ein betydeleg auke i høve til 2020. Det var 40 personar som bidrog til StVe på denne måten.

Gåver

StVe fekk også i 2021 fine pengegåver. I alt 203 250 kr vart betalt inn frå ulike gjevarar.

- Platina Seafood , 80 000 kr til Strandsetarmonumentet.
- Sparebanken Møre, 100.000 kr formål Sunnmøre Live TV program Gardar langs Storfjorden
- Avfallsforum Møre og Romsdal, 10.000 kr «Konferansegiven 2021»
- Kari Tennø, 6.000 kr
- Stranda kommune, 3.000 kr «Stemnegåve»
- I samband med Erling Skjortnes sin bortgang og gravferd vart det etter pårørande sitt ønskje, gjeve minnegåver til StVe på til saman 3.650 kr.
- Anonyme gjevarar overførte til saman 600 kr.

Storfjordens Venner er særst takksam for gåvene og vil uttrykke stor takk til kvar einskild gjevar.

Av desse gåvene er 20.250 avsett til eige gåvefond

Storfjordstemnet 2021

Storfjordstemnet 2021 var planlagt til Osvika i Fjord kommune. Vinteren 2020 starta planlegginga, og det vart gjort avtale med grunneigar. Då Covid-19 slo til for fullt innsåg styret at det ikkje ville vere mogeleg å gjennomføre stemne her. Stemneplassen vart difor flytta til Øvre Ljøen. Stemnedato vart flytta frå byrjinga i juni til 29. august.

Musikaren Sigrid Moldestad var konferansier og gjennomførte ein flott konsert med musikk i nynorsk språkdrakt. Odd Normann Hoff og Petter Hjørungdal gjennomførte guida turar til høvesvis Ljøkaia og Ljøbrekka, Ivar Berge framførte eigne dikt og grunneigarane - Erling Ljøen og Ole-Hjalmar Bonsaksen - orientere om dagleglivet på desse gardane i fortid og notid. Frammøtet var godt, men Covid gjorde nok at ein del held seg heime.

Storfjordkalenderen og jubileumsboka «Med hjarte for arven»

Storfjordkalenderen har funne si form og vart laga etter same mal som dei siste åra. Arbeidet med kalenderen er lagt til formidlingsgruppa som står for både det redaksjonelle innhaldet og innsamling av tekst og bilete. Asgeir Kvernberg har hatt hovudansvaret for arbeidet.

Alle styremedlemmer deltek i salet av annonsar. Språksmia AS i Valldal er ansvarleg for layout og trykk. Opplaget var 1 300 eks. Storfjordkalenderen er etter kvart blitt ettertrakta frå mange hald. Kalenderen vart seld gjennom butikkar i området og via tinging på nett, men det ser ut til å vere ein viss nedgang i salet. Ein del eksemplar vert også brukte som gåve.

Kalenderen er ei viktig inntektskjelde for StVe, med ei årleg ei nettoinntekt på om lag 150 000 kr.

Det er framleis litt sal av jubileumsboka «Med hjarte for arven» som kom ut i 2015. Boka vert i tillegg brukt som ei populær gåve frå foreininga i ulike samanhengar.

Ytste Skotet

Styret i StVe gjorde 27.02.2021 vedtak om å takke nei til vederlagsfri overføring av Ytste Skotet til Musea på Sunnmøre (no: Viti), men opna samstundes for å drøfte ein avtale for vidare drift i samarbeid. Viti svarte i brev av 23.09 at dei ikkje lenger ville bidra til drifta på Ytste Skotet. Styret vedtok difor å starte arbeidet med modellar for alternativ drift av eigedommen i eigen regi og det er sett ned ei intern gruppe, Asgeir Kvernberg, Einar Hoel, Hilde Straumsheim, Roger Furset, Inge Bjørdal, som skal gi råd om framtidig drift av eigedommen.

Den såkalla konsolideringsprosessen for musea på Sunnmøre har halde fram i 2021. Interimsstyret for bymuseet og lokalmusea som var oppnemnt for å arbeide med organisering av dei musea som stilte seg utanfor konsolideringsprosessen har halde mange møte i 2021. Oppgåva er å finne løysingar på framtidig organisering av dei musea som valde å takke nei til å bli med i Viti; Herøy kystmuseum, Volda Sogelag, Dalsfjorden Fyrmuseum, Aalesunds museum, Godøy Kystmuseum, Ytste Skotet v/Storfjordens venner.

Interimsstyret har i 2021 arbeidd mykje med etablering av ei ny museumseining.

Interimsstyret er sett saman av følgjande personar:

- Tor Sindre Steinsvik - Herøy kystmuseum (leiar)
- Tove Hjellnes - Volda Sogelag (medlem)
- Kjell Skorgevik - Aalesunds museum (medlem)
- Ole Furnes - Godøy Kystmuseum (medlem)
- Dalsfjord Fyrmuseum - Vebjørn Lillebø (medlem)
- Inge Bjørdal - Ytste Skotet (medlem)

Arne Tunheim og Eileen Gjerde har fungert som rådgjevarar for interimsstyret.

I 2021 har interimsstyret konsentrert arbeidet om følgjande:

1. Juridiske avklaringar (med KUD) i spørsmålet om overføring av eigedommsrett
2. Økonomisk ansvar for drifta av musea
3. Møte med Kultur-, næring- og folkehelseutvalet i MRFK (som har ansvaret for museumsdrifta i M&R)
4. Mål for samarbeidet i ny, konsolidert eining
5. Vedtekter for den nye konsoliderte eininga
6. Samarbeidsavtale mellom dei 6 musea som ønskjer å gå saman i ei ny eining
7. Organisasjonsform
8. Namn på den nye eininga
9. Pressearbeid

Interimsstyret har definert følgjande pilarar for samarbeidet i den nye konsoliderte eininga:

- Drift basert på ein desentralisert modell
- Lokal forankring og bemanning
- God museumsfagleg kompetanse og godt samspel med andre aktørar
- Samla administrasjon, økonomi og personalforvaltning
- Leiinga av det faglege utviklingsarbeidet kan vere delt mellom lokalmusea

Grunna Covid-19 har det også i 2021 vore vanskeleg å halde garden open for besøkande.

Statsforvaltaren løyvde midlar til slåttedugnaden i 2020. Den er blitt utsett både i 2020 og 2021, men skal gjennomførast i 2022.

Torvtaket på naustet vart lagt heilt på nytt i juni 2021, gledeleg nok med ungdommar som frivillige.

Framlegget om å bygge eit *driftshus* på Ytste Skotet er utsett inntil konsolideringsprosessen er slutført.

Dugnadsgruppa under leiing av Terje Haugseth utførte også i 2021 eit stort og verdfullt vedlikehaldsarbeid på Ytste Skotet. Sjå eigen rapport. Stor takk og ære til dugnadsgruppa!

Heimeside – Facebook

Heimesida www.storfjordensvenner.no og Facebook vert brukt til informasjon og nyhende, m.a. er det lagt ut lenke til opptaka av *Gardar langs Storfjorden* i regi av Sunnmøre Live. Det er viktig at sosiale media vert brukt til informasjon t.d. om fellesturar med turkalender.

Strandsetarmonument

Ei eiga gruppe har i fleire år arbeidd med planar om eit Strandsetarmonument i Geiranger. Idéen til monumentet kom frå avdøde æresmedlem Atle Ringseth, og skal vere ein heider til folket som budde og arbeidde for føda på dei mange gardane langs Storfjorden.

I 2021 vart det arbeidd vidare med finansiering av monumentet, og vi reknar no prosjektet som fullfinansiert. Ved utgangen av året var 3,927 mill. kr innbetalt, der særleg Sparebanken Møre, John Sjong og Hofseth Aqua AS er store bidragsytarar. Det er også gjeve tilskot på 758 473 kr gjennom Kulturdepartementet i ordning med gåveforsterkingsmidlar.

Monumentet som omfattar tre ulike statuar som viser fjordfolk i ulike kvardagssituasjonar er under arbeid av kunstnaren Ola Stavseng. Den første statuen er «Mør med barn». Arbeidet med monumentet har blitt litt forseinka grunna covid-utfordringar hos dei som skal utføre støypearbeidet. Men ein har teke sikte på at den skal vere ferdig i gips og klar til støyping i bronse tidleg i 2022.

Arbeidsgruppa har lagt fram si tilråding om plassering til styret som har vedteke at det skal stå samla på eit areal nede ved fjorden. Det er gjort avklaringar med Stranda kommune i forhold til områdereguleringsplanen for Geiranger sentrum om denne plasseringa.

Media - presse og synleggjering av aktiviteten til StVe

StVe vart også i 2021 hindra i å ta del på arrangement/samlingar vi tradisjonelt har delteke på.

Eitt av dei viktigaste tiltaka som er gjennomførte i 2021 er opptaka av Gardane langs Storfjorden i regi av Sunnmøre Live (<https://slive.no/category/program/serier/storfjordens-venner>). I alt er det no lagt ut 12 opptak frå ulike delar av Storfjorden. StVe ønskjer å vidareføre desse opptaka også i 2022. Storfjordens Venner var med å finansierte programma i 2022 ved formidling av gåve frå Sparebanken Møre på 100 000 kroner og tilskot frå Møre og Romdal fylke på 70 000 kroner. I tillegg bidrog medlemmar i formidlingsgruppa med planlegging og under opptaka.

Storfjordnytt, Nyss og Bygdebladet har hatt omtalar av foreininga i ulike samanhengar:

- Storfjordstemnet 2021
- Restaureringsarbeidet av den gamle høyløa på Hjellsætra i Valldal i regi av Einar Waldal og Asgeir Kvernberg
- Restaureringsarbeidet på den gamle grindløa i Muldal.
- Opptaka til Sunnmøre Live
- Storfjorden og reinseanlegget på Kvasneset

I tillegg har Sunnmørsposten hatt mange artiklar om konsolideringsprosessen med lokalmusa der Storfjordens Venner gjennom Yste Skotet har vore i media.

Det er gjort vedtak om å utarbeide ein såkalla Fjordguide i bokform, som skal ha funksjon som turguide for dei som ferdast på fjorden. Dette prosjektet er ikkje gjennomført p.t.

Storfjordens Venner tok initiativ til samarbeid med Fortidsminneforeininga, Sunnmøre lokallag som i styremøte 1.09 sa ja til å etablere eit kurs for yngre handverkarar i regi av ordninga Håndlag frå Riksantikvaren. Kurs i tørmuring vert sett i gong på Ytste Skotet i 2022.

Storfjordkalenderen er ein sær viktig kanal for informasjon om foreininga og arbeidet vårt.

Administrasjon

Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv har gjennom mange år stilt opp med kostnadsfri, administrativ hjelp for foreininga. Det er utarbeidd ein avtale om regulerer dette. Einar Hoel, som er tilsett ved Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv, er etter avtalen administrativ leiari for foreininga vår. Vi er svært nøgde og takksame for denne avtalen.

Det er også gjort avtale med verdsarvstiftinga om føring av rekneskap og medlemsregister. Dette er ei teneste som foreininga betalar for.

Takk

Takk til alle medarbeidarar, tillitsvalde og den einskilde medlem i StVe for interesse og aktiv støtte. Takk til alle som girause gåver til foreininga. Næringslivet og handelsstanden viser stor gjevarglede i form av pengestøtte, premiar for utlodding og i form av annonsar i Storfjordkalenderen. Utan denne positive støtta frå mange hald, ville arbeidet vårt blitt tyngre og vanskelegare. Aktive og samarbeidsvillige grunneigarar er grunnlaget for at foreininga kan vere med å ta vare på kulturarven. Styret vil også rette stor takk til avdelingane i fylkeskommunen og hos fylkesmannen som vi opplever som sær interesserte i arbeidet vårt og som bidreg med mykje hjelp på ymse vis.

Takk til dugnadsgruppa på Ytste Skotet som saman med leiaren Terje Haugseth gjer ein stor innsats med dugnader på garden. Takk til «Skotskontakt» Asgeir Kvernberg og Tor Einar Amdam som legg ned ein innsats som ikkje kan vurderast høgt nok med m.a. flytebrygger, gardsbåt, taubane og vedlikehald/reparasjonar av bygningar, m.m.

Årsrapport 2021 – Prosjektgruppa Storfjordens Venner

Leiar : Odd Normann Hoff
 Medlem : Asgeir Kvernberg
 Medlem : Asle Ringdal

Møte i 2021

22. februar-

Samarbeidsmøte med kultur-, landbruk- og miljøavd. i Møre og Romsdal i Molde

Prosjektgruppa har hatt jamlege orienteringar / diskusjonar gjennom arbeidsåret pr. telefon. I tillegg behandlar vi aktuelle saker når vi møtest i samband med synfaringar, klargjeringar, flygingar og annan transport til dei ulike prosjekta.

2. desember-

Møte med handverkarane vi nyttar på prosjekta på Nilsgardstunet i Stordalen.

I tillegg møter leiar/repr. for prosjektgruppa på styremøta i Storfjordens Venner. Leiaren i Storfjordens Venner – Inge Bjørdal - møter på møta i prosjektgruppa.

Prosjekt 2021

Ytste Smoge - løe

Prosjektleiar: Odd Normann Hoff
 Ansvarleg handverkar: Kåre Løvoll
 Eigar: Lars Kjell Smoge
 Prosjektperiode: 2021

Kostnadsoverslag: kr 950.210, inkl. dugnad kr 100.000

Prosjektet vart utsett eitt år, men likevel fullført etter planen i 2021.

Inntekter:

2020:	Norsk kulturarv («Ta et tak»)	kr	40.000
2020:	Riksantikvaren v/Møre og Romsdal fylke	kr	600.000
2021:	Riksantikvaren v/møre og Romsdal fylke	kr	200.000
	Totalt:	kr	840.000

Utgifter:

2021:	NORD helikopter	kr	79.478
2021:	Byggtrad Løvoll A/S	kr	509.178
2021:	Proviand og drivstoff, båttransport m.m.	kr	32.950
2021:	Dør og Vindusvern A/S, måling	kr	7.037
2021:	Administrasjon, StorfjordensVenner	kr	45.000
2021:	Dugnad/eigeninnsats grunneigar/StVe	kr	150.000
	Totalt:	kr	823.643

Muldal, løe

Prosjektleder: Asgeir Kverberg
Ansvarleg handverkar: Per Kjell Holtleite
Eigarar: Sissel Rogne og Ola Myklebost
Prosjektperiode: 2021

Tilskot: Kulturminnefondet kr 280.000
Totalkostnad: kr 560.000

Dette prosjektet blei finansiert av eigarane. Storfjordens Venner har hjelpt eigarane med planlegging, synfaringar, kontakt med fylkeskonservator, søknad til Kulturminnefondet og sluttsynfaring. Verdi av bistand frå Storfjordens Venner rekna til kr 12.500

Planlagde prosjekt 2022

Smogelia, forstøtningsmurar ovanfor/utafor huset

Prosjektleder: Asgeir Kvernberg
Ansvarleg handverkar: Torgeir Erdal
Eigar: John Inge Smoge
Prosjektperiode: 2022

Kostnadsoverslag: kr 208.000

Ospahjellen, Stovehus

Prosjektleder: Asgeir Kvernberg/Odd Normann Hoff
Ansvarleg handverkar: Per Kjell Holtleite
Eigarar: Norleif og Sindre Aspehjell
Prosjektperiode: 2022

Kostnadsoverslag: kr 673.000

Verpesdalen, sjøvegen

Prosjektleder: Asgeir Kvernberg
Ansvarleg handverkar: Jostein Dalen
Eigarar: Bruka i Verpesdalen
Prosjektperiode: 2022 eller 2023

Kostnadsoverslag: kr 140.000

Skjeret, hus

Prosjektleder: Odd Normann Hoff
Ansvarleg handverkar: Kåre Løvoll
Eigar: Øvstegarden i Oaldsbygda, gnr. 100, bnr. 1,
Søkjar: Odd Magne Vinjevoll
Prosjektperiode: 2022-2023

Kostnadsoverslag: kr 459.580

Synfaringar, 2021

Dette året gjennomførte prosjektgruppa desse synfaringane: 15. juni til Fundergata i Tafjorden, 5. september på sjøvegen til Verpesdalen 12. september til Ytste-Smoge og Smogelia og 24. oktober til Skjeret og Ljøen.

Storfjordens Venner – notid og framtid

Prosjektgruppa har drøfta det framtidige vølings- og vedlikehaldet av bygningar og kulturlandskap – innanfor verdsarvområdet og utanfor.

Kanskje ein nærmar seg ei periode med færre store vølingsprosjekt, og at ein må bruke meir av krefter og ressursar på det årlege vedlikehaldet og attgroingsproblema, jf. notat av 30. oktober 2015 – Storfjordens Venner – notid og framtid.

Dette vert tatt opp på dei årlege møta med Kulturavdelinga, Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga på Molde.

Prosjektgruppa takkar for godt samarbeid med eigarane ved dei ulike prosjekta, med dyktige handverkarar, med Kulturavdelinga i fylket, og med Landbruksavdelinga og Miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen.

Gruppa ser fram til ny arbeidsøkt for kulturvern i Storfjorden.

Stranda /Sunnylven/Ørskog 10. mars 2022.

Odd Normann Hoff
Leiar i prosjektgruppa

Asle Ringdal
Medlem i prosjektgruppa

Asgeir Kvernberg
Medlem i prosjektgruppa

Årsrapport 2021– Formidlingsgruppa Storfjordens Venner

Formidlingsgruppa (FG) er ei fast gruppe i Storfjordens Venner (SV) med føremål å samle, arkivere dokumentasjon- og fortelje om det arbeidet foreininga gjer og den historiske arven foreininga tek vare på.

Den har i 2021 hatt følgjande medlemmer:

- Odd Normann Hoff
- Asgeir Kvernberg
- Kjell Ole Løseth
- Bjørn Steinar Skarbø, leiar

Leiar deltek på styremøta i Storfjordens Venner som observatør.

Gruppa har hatt til saman tre møte i løpet av året og har elles arbeidd dels kvar for seg og i samarbeid.

Gruppa har i 2021 arbeidd med følgjande oppgåver:

- Utgjeving og sal av Storfjordkalenderen 2022
- Arbeid med heimesidene til SV
- Marknadsføring av arrangement i regi av Storfjordens Venner
- Føredrag om SV
- Det vart ikkje arrangert turar dette året. Uvise kring koronarestriksjonar gjorde det vanskeleg å planlegge turar.

I samarbeid med Språksmia i Valldal vart kalenderen for 2022 produsert etter malen utvikla for kalenderen 2019. Sal av- og tilbakemeldingar om denne kalenderen har så langt vi har registrert vore godt og gode, men totalt sett også dette året noko mindre enn året før. Konkurransen i «kalendermarknaden» er etter kvart stor, har vi registrert.

Asgeir Kvernberg var redaktør for kalenderen. Kalendersalet saman med annonsesal gjev eit røsleg bidrag til foreiningas arbeid. Følgjande bidrog med tekstar i 2022-kalenderen:

Arne Ringdal, Odd Normann Hoff, Asgeir Kvernberg, Kristian Almås, Bernt Gjelsten, Astor Furset, Bjørn Steinar Skarbø, Jon Slyngstad, Helge Søvik, Kjell Ole Løset og Inge Bjørdal.



Framsidedbildet på kalenderen, kvelvingsbrua på Furstrand. Foto: Asgeir Kvernberg.



*Ein av montrane til utstillinga på Verdsarvsenteret.
Foto: Bjørn Steinar Skarbø*

Utstillinga på Fjordsenteret varet opna 10. mars 2020 i samband med «Grøn fjord-konferansen». På grunn av redusert besøksaktivitet sommaren 2020, vart utstillinga ståande også i 2021. Utstillinga er montert i 10 utstillingskasser som er enkle å slå saman og greie å transportere; om enn noko omfangsrike. Utstillinga er dermed overkomeleg å flytte og sette opp andre stadar. Oppstilt krev den heller ikkje så stor plass. Vi håper derfor andre institusjonar vil vise interesse for å ha utstillinga ståande hos seg for kortare eller lengre tid.

Eit samarbeid med TV-stasjonen «TV.Sunnmøre» resulterte også i 2021 ein serie flotte program frå ulike gardar i Storfjorden til like med 2020. Desse er vist i sendingar på «Sunnmøre live» og samarbeidande fjernsynsstasjonar andre plassar i landet i hovudsak hausten 2021.

Foreininga søkte om- og fekk midlar frå både Møre og Romsdal fylke og Sparebanken Møre til produksjon av årets serie.

Frå Formidlingsgruppa medverka Odd Normann Hoff, Kjell Løseth og Asgeir Kvernberg både med organisering, som medhjelparar og som medverkande. Elles medverka personar med tilknytning til dei ulike gardane. Mellom desse fleire som hadde budd der.

Etter to sesongar er det no i alt 18 ulike program som ligg tilgjengeleg hos «Sunnmøre Live». Programma har fått mange godord, og ein finn dei på følgjande adresse:

<https://slive.no/category/program/serier/storfjordens-venner>

Medlemmer i gruppa har elles halde foredrag for ulike forsamlingar. Inntrykket er at dei som på denne måten vert gjort kjend med foreininga, blir svært imponert over den innsatsen som er lagt ned gjennom dei 45 åra.

Sunnmøre mars 2022
Formidlingsgruppa i Storfjordens Venner

Odd Normann Hoff Asgeir Kvernberg Kjell Løseth Bjørn Steinar Skarbø

Årsrapport 2021 – Dugnadsgruppa Ytste Skotet

Det vart halde tre dugnadshelgar i 2021 med godt oppmøte. Mykje arbeid har vore gjort, og hovudprioriteringa har vore naustet.

Første dugnaden var 28.-30.mai:

- rydding og vasking av stovehus, stabbur og vinsjehus
- gjerding av innmarksgjerda som var til nedfalls
- kverna og renna vart gjort heilt ferdig og kan no brukast
- aggregata vart reparert

Det var ei flott held med sol og fint ver.

25.-27. juni var det ny dugnad:

- det gamle nausttaket vart fjerna og vi starta bygging av nytt tak
- den gamle høsegarden vart reven som stod til nedfalls
- slo og raka vekk gras i tunet
- dei fleste i dugnadsgruppa vart sertifisert i bruk av taubana
- golva på utedoa vart måla oppatt

Siste dugnaden var 10.-12. september:

Gjorde ferdig det nye torvtaket på naustet. Det var litt ekstra arbeid på deler av torva som måtte fraktast frå andre sida av fjorden

Brua og utemøblane vart høttrykkspyla og er klare for oljing komande sesong

Elles har Asgeir Kverberg og Tor Einar Amdam hatt arbeidet med å sette istand og få på plass flytebygga.

Alle i dugnadsgruppa trivst godt saman på Skotet, og ser fram til neste sesong og nye prosjekt.


18.03.2022

Terje Haugseth
dugnadsleiar


Geiranger/Stordal 31.12.21/2.4.22
Storfjordens Venner
Styret



Inge Bjørdal
styreleiar




Arne Olav Furstrand
nestleiar



Elin Smoge
styremedlem



Reidar Furset
styremedlem



Øystein Runde
styremedlem



Reidun Helsen
styremedlem



Kristi Linge Stakkestad
styremedlem